

Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei! Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «Prestetjeneste».



i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestetjenester

Søndagshelsing

06.03.2022

1. søndag i fastetida

Tema: «Bøn»



**Kapellet er ope kvar dag for lystenning og ei stille stund.
Tysdagar kl 11:30 er det ei kort middagsbønn i kapellet.**

1. søndag i fastetida

Preiketekst: Matt 26,36-45

36 Så kom Jesus med læresveinane til ein stad som heiter Getsemane, og han sa til dei: «Sit her medan eg går dit bort og bed.» **37** Han tok med seg Peter og dei to Sebedeus-sønene, og han vart gripen av sorg og gru. **38** Då sa han til dei: « *Mi sjel er sorgtyngd* til døden. Ver her og vak med meg!» **39** Så gjekk han eit lite stykke fram, kasta seg ned med andletet mot jorda og bad: «Far, er det råd, så lat dette begeret gå meg forbi! Men ikkje som eg vil, berre som du vil.» **40** Då han kom tilbake til læresveinane, fann han dei sovande, og han sa til Peter: «Så makta de ikkje å vaka med meg ein einaste time? **41** Vak og be at de ikkje må koma i freisting! Ånda er villig, men kjøtet er veikt.» **42** Så gjekk han bort att andre gongen og bad: «Far, om ikkje dette begeret kan gå forbi meg, og eg må tømme det, så lat viljen din råda.» **43** Då han kom tilbake, såg han at dei hadde sovna til att, for auga deira var tunge av søvn. **44** Då lét han dei vera og gjekk bort att og bad tredje gongen med dei same orda. **45** Så kom han tilbake til læresveinane og sa: «Søv de framleis og kviler! Timen er komen då Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender.



Bøn

Jesus bad. Jesus, som er Gud - bad! Det viser Jesus sitt sanne menneskelege ansikt. Sann Gud og sant menneske. For kva gjer dei aller fleste av oss når vi er redde - vi ber! Vi foldar hender og ber til Gud, eller ei eller anna større makt utanfor oss sjølv. Når vi kjenner oss makteslause, gjer det godt å vende seg til Gud i bøn. Det er trøyst i å be. Vi treng det. Men Gud treng det ikkje. Gud veit kva som rører seg i oss. Gud kjenner våre bekymringar og vår uro, enten det gjeld mi eiga helse eller det som nett no skjer i verda. Som det står i Salme 139 «Før eg har eit ord på tunga, Herre, kjenner du det fullt ut». Det kan vi kvile i, særleg i dei stunder vi ikkje klarar å formulere ei bøn.

Men Jesus sjølv oppmuntra oss til å be, og sa endåtil «slik skal de be» og lærte oss det vi kallar *Herrens bøn* eller *Fader Vår*.

I desse tider er det mange som ber for det som skjer i Ukraina. Det er godt å kjenne på at vi står saman mot dei destruktive kreftene som vil krig. Så la oss samle oss i felles bøn, som denne nedanfor her:

Bønn for Ukraina

Kyrie Eleison, Herre forbarm deg over oss; Over ditt skaperverk som allerede bærer så mange sår og traumer etter krig, men som nå ledes inn i enda en.
Vi ber om beskyttelse over barn og unge;
Over de urolige og de sørgende, over dem som må bli hjemme og de som må flykte.
Vi ber for de medmennesker som nå er soldater i felt; For de redde, de målbevisste, de sårede, de sørgende, og for deres pårørende. Vi ber for politiske ledere;
Vi ber om innsikt og omvendelse for dem som beordrer krig; Og om utholdenhet og mot for dem som sliter for å finne fredelige løsninger.
Vi ber for naturen; For jorden som risikerer å rives opp, trær som truer av ødeleggelse, vassdrag som kan bli forurenset.
Vi ber for kirkene i Ukraina. Og vi ber for oss selv; Du som kalte oss til å dele ditt brød og din fred; Vis oss hvordan vi kan bidra til fred og trygghet, Og hvilken omsorg vi må vise medmennesker i nød; Nære og langt borte. Herre forbarm deg over oss.

Amen

Fra Equmniakyrkan/Sverige, til norsk; Ingull Grefslie

God søndag, midt i alt som skjer!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest

